

Retningslinjer for prosjektrekneskap

Retningslinjer

1. Retningslinjene gjeld alle investeringsprosjekt innanfor bygg og fylkesveg. For vegprosjekt gjeld retningslinjene for prosjekt med byggjestart etter 01.01.2020, igangsett med Vestland fylkeskommune som byggherre.
2. Det skal utarbeidast prosjektrekneskap for investeringsprosjekt over 75 mill. kr, og for investeringsprosjekt over 50 mill. kr med avvik på meir enn 10 % samanlikna med budsjett ved byggjestart. Det er utarbeidd eigen mal for prosjektrekneskap der desse punkta skal inngå:
 - Budsjett ved byggjestart (indeksregulert)
 - Ev. tilleggsløyvingar (indeksregulert)
 - Rekneskapstal (indeksregulert)
 - Avviksforklaring
3. Med budsjett ved byggjestart meiner ein det siste oppdaterte kostnadsoverslaget før første byggekontrakt i prosjektet vert akseptert/signert. For prosjekt over 250 mill. kr er budsjett ved byggjestart definert som det oppdaterte kostnadsoverslaget som vert lagt fram i sak til fylkestinget om særskilt godkjenning av prosjektet.
4. Prosjektrekneskap skal utarbeidast når sluttoppgjer med entreprenør er ferdig, grunnverv avslutta og ev. kostnadar knytt til 1-års reklamasjonssynfaring er rekneskapsført.
5. For prosjekt mellom 25 mill. kr og 75 mill. kr der det ikkje vert utarbeidd prosjektrekneskap, skal følgjande opplysningar nemnast i årsrapporten:
 - Prosjektnamn
 - Budsjett ved byggjestart
 - Rekneskapstal
6. Alle summar som er nemnt i punkta 2-5 er inklusive meirverdiavgift.
7. Retningslinjene gjeld ikkje fylkesvegprosjekt i bompengepakkar. Bompengepakkar har eiga styringsgruppe/kontaktutval som tilpassar prosjekta til økonomien i den aktuelle bompengepakken.